

# Reisepolicy

for friviljuge organisasjonar på reise



(Foto: Simon Knutsson Sortland, Bømlo kommune)

Reisepolicyen skal bidra til at trafikktryggleiken vert teken vare på av og for medlemmane. Dette gjeld til og frå aktivitetar og når ein er på reise.

Reisepolicyen tar for seg det personlege ansvar kvart medlem og kvar familie har, og det ansvar organisasjonen til ei kvar tid har for tilrettelegging av aktivitetane.

Føremålet med reisepolicyen er å gjere turen til ei trygg og god oppleving for både deltakarar og leiarar.

Den skal skape tryggleik for føresette som overlet born og unge i organisasjonen si varetekt, og gi tryggleik til leiarane om kva som er forventa av dei.

## FOKUS PÅ TRYGGLEIK

*Aktivitetar som dei friviljuge organisasjonane gjennomfører skal opplevast som sikker for alle medlemmane.*



Ein friviljug organisasjon skal og vere bevisst sitt samfunnsansvar innan folkehelsearbeidet i kommunen.

Denne reisepolicyen tek utgangspunkt i haldningsskapande arbeid med særleg omsyn til trafikktryggleik.



(Foto: Geir Einarsen)

### **På bil- og busstur**

- Me reknar alltid god tid
- Me held fartsgrensene
- Sjåføren brukar alltid handsfree
- Me har utkvilde sjåførar som passar på å få tilstrekkeleg med søvn før køyring
- Me tar pausar undervegs på lange køyrestrekningar
- Me har førstehjelpsutstyr
- Me brukar buss med trepunkts setebelte
- Me sikrar last i buss, bil og hengar på forsvarleg måte
- Ved av- og påstigning skal sjåføren sjå til at passasjerane ikkje vert utsetts for trafikale uhell
- Planlegg køyringa slik at du slepp å rygga om det er mogleg
- Ved rygging for å henta utstyr o.l. skal det alltid stå ein person bak bilen og sjå til at det ikkje er nokon i vegen

### **På båttur**

- Me brukar redningsvest
- Me har godkjend tryggleiksutstyr
- Me har førstehjelpsutstyr
- Me tek omsyn til vêrtilhøva
- Me melder frå kor me skal
- Me følgj båtvetreglane

### **Krav til transportselskapet**

- Me reknar alltid god tid
- Bussen skal vere utstyrt med trepunkts setebelte
- Bussen skal ikkje rygga utan at det er vakt bak bussen
- Krav til transportselskapet skal synast gjennom handling – alle tingingar vert gjort med dette kravet
- Reiseleiarane skal informerast om kravet og sjå til at alle passasjerane sit fastspent i bussen
- Reiseleiarar og andre leiarar skal vere aktpågivande medan ein ventar på av- og påstigning



(Foto: Rogaland fylkeskommune)

## I nærmiljøet

- Me vel gang- og sykkelstiar
- Me brukar refleks
- Me brukar sykkelhjelm
- Me brukar lykt når me sykklar i mørket
- Me passar på at sykkelen har riktig utstyr:
  - raud refleks bak og gul eller kvit refleks på begge sider av pedalane
  - ringeklokke
  - to separate bremsar som verkar uavhengig av kvarandre. Den eine bremsen skal virke på forhjulet og den andre på bakhjulet.

**«Me tar vare på egne og andre sine born i trafikken!»**

Som føresatt er du eit førebilete for organisasjonen sine medlemmer. Dine haldningar bak rattet overføres fort, og det er viktig at du køyrer forsiktig og syner sunne haldningar.

Sjåføren skal sjå til at alle sit fastspent i setebeltet før ein byrjar å køyre.



**BESKYTT HOVUDET MED STIL!**



*(Foto: Rogaland fylkeskommune)*



Trygg Trafikk Hordaland  
Telefon 41 20 61 32

[www.tryggtrafikk.no](http://www.tryggtrafikk.no)

[www.trafikksikkerkommune.no](http://www.trafikksikkerkommune.no)



**TRYGGLEIK OG TRIVSEL PÅ REISE!**